|------|------------|--------|-----|-------|
| 1101 | Eigersund  | 8 088  | 5,6 | -11,7 |
| 1102 | Sandnes    | 42 436 | 6,8 | 5,3   |
| 1103 | Stavanger  | 79 741 | 7,3 | 7,8   |
| 1106 | Haugesund  | 23 069 | 7,8 | -2,0  |
| 1111 | Sokndal    | 1 687  | 5,6 | 37,0  |
| 1112 | Lund       | 2 094  | 6,7 | 6,0   |
| 1114 | Bjerkreim  | 1 182  | 4,8 | -14,7 |
| 1119 | Hå         | 12 130 | 6,4 | 8,0   |
| 1120 | Klepp      | 12 882 | 7,7 | 4,7   |
| 1121 | Time       | 9 150  | 5,7 | -15,6 |
| 1122 | Gjesdal    | 6 809  | 6,8 | 7,1   |
| 1124 | Sola       | 13 145 | 6,5 | 9,5   |
| 1127 | Randaberg  | 9 269  | 8,5 | 9,0   |
| 1129 | Forsand    | 1 542  | 6,6 | -7,6  |
| 1130 | Strand     | 6 465  | 6,1 | -0,8  |
| 1133 | Hjelmeland | 2 719  | 7,4 | 16,1  |
| 1134 | Suldal     | 4 460  | 7,0 | 17,8  |
| 1135 | Sauda      | 3 551  | 6,2 | 10,6  |
| 1141 | Finnøy     | 2 417  | 7,0 | 5,7   |
| 1142 | Rennesøy   | 2 760  | 5,7 | -17,7 |
| 1144 | Kvitsøy    | 437    | 6,2 | -12,9 |
| 1145 | Bokn       | 805    | 7,1 | -5,1  |
| 1146 | Tysvær     | 9 960  | 8,2 | 24,5  |
| 1149 | Karmøy     | 21 037 | 6,3 | 3,7   |
| 1151 | Utsira     | 161    | 3,8 | -44,3 |
| 1160 | Vindafjord | 7 424  | 7,7 | 36,1  |
| 1211 | Etne       | 2 730  | 6,7 | 23,6  |
| 1216 | Sveio      | 4 114  | 7,6 | 24,5  |

---

| SAKSGANG        |          |         |
|-----------------|----------|---------|
| Utval           | Møtedato | Saks nr |
| Kontrollutvalet | 22.11.17 | 18/17   |
|                 |          |         |

| Saksansvarleg:  | Arkivkode: | Arkivsak: |
|-----------------|------------|-----------|
| Odd Gunnar Høie | 033        |           |

## ORIENTERING OM FRAMLEGGET TIL BUDSJETT 2018 OG ØKONOMIPLAN 2018 - 2021

### Bakgrunn:

Kontrollutvalet deltar ikkje i sjølve behandlinga av kommunen sine økonomirapporter. Men som kommunens tilsynsorgan bør kontrollutvalet følgje med i utviklinga av kommunen si løypande drift. Det bør derfor være fast praksis at kontrollutvalet får seg forelagt dei økonomirapporter som blir lagt fram for kommunestyret til orientering. Eventuelle kommentarar til rekneskapet frå kontrollutvalet si side vert gjeve i samband med handsaminga av årsrekneskapen til våren.

Kontrollutvalet har eit lovpålagt ansvar for å utarbeide budsjettframlegg for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Utvalet er i sitt arbeid kun underlagt kommunestyret, ikkje rådmannen. Framlegget kan derfor bare endrast politisk. Rådmannen legg fram sitt forslag til saldert budsjett med heimel i kommunelova §§ 44-48 og KDR si forskrift frå 15.12.00

### Budsjett 2018 og økonomiplan 2018 - 2021:

Budsjettframlegg for 2018 og økonomiplan 2018 - 2021 er lagt ut på kommunen si nettside [www.vindafjord.kommune.no](http://www.vindafjord.kommune.no) eller kan hentast på rådhuset.


Budsjettframlegget inneheld rådmannen sine kommentarar, kommentarar frå organisasjonen, ulike budsjettskjema, tiltaksliste, hovudoversikt og detaljbudsjett for ansvarsområda. Budsjett og økonomiplan vart endeleg handsama av kommunestyret på møtet i desember.

Framlegg til budsjett og økonomiplan vil bli gjort greie for i møtet.

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vindafjord kontrollutval tar rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2018 og økonomiplan 2018 - 2021 til orientering.

Aksdal, 15.11.17



Odd Gunnar Høie  
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

| SAKSGANG        |          |            |
|-----------------|----------|------------|
| Utval           | Møtedato | Saksnummer |
| Kontrollutvalet | 22.11.17 | 19/17      |
|                 |          |            |

| Saksansvarleg:  | Arkivkode: | Arkivsak: |
|-----------------|------------|-----------|
| Odd Gunnar Høie | 216        |           |

## TINGING AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – «IKT OG INFORMASJONSTRYGGLEIK»

**Saksvedlegg:** «IKT og informasjonstryggleik» – prosjektplan frå Deloitte AS

### Saksorientering:

Ifølge forskrift om kontrollutval skal kommunen årleg bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar.

Utvalet gjorde følgjande vedtak i møtet 13.09.17, i sak 13/17:

*Vindafford kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "IKT og informasjonssikkerhet» til neste møte 22.11.17. under føresetnad av at Etne kontrollutval vel å delta i prosjektet.*

Deloitte AS har med bakgrunn i dette vedtaket utarbeidd prosjektplanen som er vedlagt saka. Revisjonen har skissert følgjande føremål og problemstillingar:

### **1.2 Føremål og problemstillingar**

*Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å undersøkje om kommunane Vindafford og Etne har organisert si felles IKT-teneste slik at den kan løyse tildelte oppgåver og etterleve sentrale føreseigner. Vidare er det eit føremål å undersøkje om kommunane har tilfredsstillande system og rutinar for informasjonstryggleik, og om etablerte standardar og gjeldande lover og reglar vert følgt innanfor dette området.*

*Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:*

**1. I kva grad er IKT-tenesta for kommunane Etne og Vindafford organisert slik at den kan løyse tildelte oppgåver og sikre at kommunane etterlever pålagde krav på IKT-området?**

*a) Har kommunane fastsett tydelege mål for IKT-tenesta?*

*b) Har kommunane ein strategi for IKT-tenesta som er i samsvar med fastsette mål, krav og føringar?*

*c) I kva grad er det tydeleg definert kva som er IKT-tenesta si rolle og ansvar?*

*d) I kva grad har IKT-tenesta tilgang på tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å ivareta sine oppgåver for begge kommunane?*

*e) I kva grad blir det arbeidd systematisk for å sikre at kommunane er tilstrekkeleg førebudd på komande krav og føringar innan IKT-området?*

***2. I kva grad er det etablert rutinar for å sikre systemtilgjengelegheit i IKT-systema?***

- a) Er det fastsett tydelege kriterium for tilgjenge til IKT-system?*
- b) Er det etablert kontrollar for å sikre tilstrekkeleg tilgjengelegheit og stabilitet i IKT-systema?*
- c) Er brukarstøtta til IKT-tenesta organisert på ein føremålstenleg måte med omsyn til tilgjengelegheit?*

***3. I kva grad har kommunane etablert styringssystem for informasjonstryggleik som tilfredsstillar krav i sentrale føresegner?***

- a) Er styrande dokument for informasjonstryggleik i samsvar med krav i regelverket?*
- b) Er det etablert klåre rutinar og ansvarsforhold knytt til informasjonstryggleik?*
- c) Har kommunane eit system for kontroll og etterprøving av informasjonstryggleik, og blir slik kontroll og etterprøving gjennomført?*

***4. I kva grad har dei tilsette i kommunane tilstrekkeleg kompetanse om informasjonstryggleik?***

- a) Er det etablert rutinar for å gje tilsette i kommunane opplæring i informasjonstryggleik?*
- b) I kva grad har dei tilsette i kommunane kjennskap til ev. retningslinjer og rutinar for informasjonstryggleik?*
- c) I kva grad blir ev. retningslinjer og rutinar for informasjonstryggleik følgt?*

**Ressursbruk**

Slik prosjektet nå ligg føre er det estimert ein ressursbruk på totalt 386 timar. Det inkluderer førebuing, utarbeiding av prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetsikring av rapport.

I utvalet sitt framlegg til budsjett er det lagt inn ca. 250 timar til kjøp av revisjonsrapportar i 2018. Kostnaden ved prosjektet vil bli delt 50/50 med Etne. Vindafjord sin del vil bli 193 timar, som ligg innanfor forventa budsjett.

Revisor skriv at arbeidet med prosjektet vil kunne starte opp i desember 2017 og anslår at rapporten vil kunne leverast i juni 2017.

**SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Vindafjord kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «IKT og informasjonstryggleik» i samsvar med vedlagte prosjektplan/ med dei endringane som kjem fram i møtet.


Oppdraget tingast frå Deloitte AS innanfor ei rame på totalt 386 timar i samarbeid med Etne kontrollutval med ei 50/50 fordeling av kostnaden.

Aksdal, 15.11.17



Odd Gunnar Høie

Seniorrådgjevar/utvalssekretær



## Forvaltningsrevisjon | Etne kommune og Vindafjord kommune

IKT og informasjonstryggleik

Prosjektplan/engagement letter

November 2017

«Forvaltningsrevisjon av IKT og  
informasjonstryggleik»

November 2017

Prosjektplan utarbeidd for Etne  
kommune og Vindafjord kommune  
av Deloitte AS.

Deloitte AS  
Postboks 6013 Postterminalen,  
5892 Bergen  
tlf: 51 21 81 00  
[www.deloitte.no](http://www.deloitte.no)  
[forvaltningsrevisjon@deloitte.no](mailto:forvaltningsrevisjon@deloitte.no)

# Innhald

|    |                              |   |
|----|------------------------------|---|
| 1. | Føremål og problemstillingar | 4 |
| 2. | Revisjonskriterium           | 5 |
| 3. | Metode                       | 8 |
| 4. | Tid og ressursbruk           | 9 |

# 1. Føremål og problemstillingar

## 1.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestillingar frå kontrollutvala i kommunane Vindafjord og Etne, i høvesvis sak 13/17 13. september og sak 13/17 2. oktober, utarbeidd ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av IKT og informasjonstryggleik i kommunane Vindafjord og Etne.

## 1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å undersøkje om kommunane Vindafjord og Etne har organisert si felles IKT-teneste slik at den kan løyse tildelte oppgåver og etterleve sentrale føresegner. Vidare er det eit føremål å undersøkje om kommunane har tilfredsstillande system og rutinar for informasjonstryggleik, og om etablerte standardar og gjeldande lover og reglar vert følgt innanfor dette området.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

### 1. I kva grad er IKT-tenesta for kommunane Etne og Vindafjord organisert slik at den kan løyse tildelte oppgåver og sikre at kommunane etterlever pålagde krav på IKT-området?

- Har kommunane fastsett tydelege mål for IKT-tenesta?
- Har kommunane ein strategi for IKT-tenesta som er i samsvar med fastsette mål, krav og føringar?
- I kva grad er det tydeleg definert kva som er IKT-tenesta si rolle og ansvar?
- I kva grad har IKT-tenesta tilgang på tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å ivareta sine oppgåver for begge kommunane?
- I kva grad blir det arbeidd systematisk for å sikre at kommunane er tilstrekkeleg førebudd på komande krav og føringar innan IKT-området?

### 2. I kva grad er det etablert rutinar for å sikre systemtilgjengelegheit i IKT-systema?

- Er det fastsett tydelege kriterium for tilgjenge til IKT-system?
- Er det etablert kontrollar for å sikre tilstrekkeleg tilgjengelegheit og stabilitet i IKT-systema?
- Er brukarstøtta til IKT-tenesta organisert på ein føremålstenleg måte med omsyn til tilgjengelegheit?

### 3. I kva grad har kommunane etablert styringssystem for informasjonstryggleik som tilfredsstillar krav i sentrale føresegner?

- Er styrande dokument for informasjonstryggleik i samsvar med krav i regelverket?
- Er det etablert klare rutinar og ansvarsforhold knytt til informasjonstryggleik?
- Har kommunane eit system for kontroll og etterprøving av informasjonstryggleik, og blir slik kontroll og etterprøving gjennomført?

### 4. I kva grad har dei tilsette i kommunane tilstrekkeleg kompetanse om informasjonstryggleik?

- Er det etablert rutinar for å gje tilsette i kommunane opplæring i informasjonstryggleik?
- I kva grad har dei tilsette i kommunane kjennskap til ev. retningslinjer og rutinar for informasjonstryggleik?
- I kva grad blir ev. retningslinjer og rutinar for informasjonstryggleik følgt?

## 1.3 Avgrensingar

I undersøkingane av informasjonstryggleik vil revisjonen primært fokusere på krav stilt til handsaming og sikring av personopplysningar. Personopplysningslova og personopplysningsforskrifta stiller strenge krav til handsaming og sikring av slike opplysningar, og ein lekkasje av denne typen informasjon kan få store konsekvensar, både for kommunane og personane som blir råka. Ein gjennomgang av rutinar på dette området vil likevel også kunne omfatte rutinar knytt til andre sensitive eller fortrulege opplysningar.

Revisjonen vil ikkje gjennomføre undersøkingar, testingar eller analysar av teknisk konfigurasjon, tryggingstiltak eller operative driftsrutinar.

## 2. Revisjonskriterium

### 2.1 Innleiing

Revisjonskriteria vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Revisjonskriteria under er ikkje utøymande for kva som kan vere relevant i forvaltningsrevisjonen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

### 2.2 Internkontroll og risikostyring

§ 23 i kommunelova omtalar administrasjonssjefen sine oppgåver og mynde. Her står det at administrasjonssjefen er den øvste leiaren for den samla kommunale administrasjonen, med dei unntak som følgjer av lov, og innanfor dei rammer kommunestyret fastset.

Vidare står det at administrasjonssjefen skal «sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksar, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.» Dette inneber at ein må ha eit system for internkontroll på plass for å sikre forsvarleg sakshandsaming. Eit sentralt tiltak i internkontrollsystem vil vere at det blir gjennomført risikovurderingar av sentrale kommunale tenesteområder, og at det blir sett i verk risikoreduserande tiltak for dei områda der desse vurderingane avdekkjer risikoar.

### 2.3 Rammeverk for styring av IKT-funksjonen

COBIT 5 er eit internasjonalt anerkjend rammeverk for styring av IKT-funksjonen i verksemdar, utvikla av organisasjonen ISACA.<sup>1</sup> Rammeverket tek utgangspunkt i at IKT-funksjonen på ein effektiv og god måte skal underbygge og bidra til at verksemda oppnår sine overordna mål. Med bakgrunn i dette har ein identifisert og definert ei rekkje mål og prosessar for IKT-funksjonen. Eksempelvis seier rammeverket at dersom det er eit overordna mål for verksemda å etterleve lovar og reguleringar må ein mellom anna sette følgjande mål for IKT-funksjonen:

- IKT-funksjonen skal sjølv etterleve, og skal hjelpe verksemda elles i å etterleve, lovkrav og reguleringar.
- IKT-funksjonen skal oppretthalde sikkerhet i informasjon, infrastruktur og applikasjonar.
- IKT-funksjonen skal handsame IKT-relatert risiko.
- IKT-funksjonen skal levere tenester i tråd med verksemda sine behov.
- IKT-funksjonen skal ha påliteleg og nyttig informasjon til å fatte avgjersler.
- IKT-funksjonen skal etterleve interne retningslinjer.

Vidare identifiserer rammeverket ei rekkje prosessar som verksemdar kan implementere for å bidra til at desse måla blir nådd.

### 2.4 Sentrale føringar for digitalisering i kommunal sektor

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sendte i desember 2016 ut brevet *Digitalisering i kommunal sektor* til alle ordførarar og rådmenn. I brevet blir dei viktigaste nye tiltaka med relevans for den kommunale sektor i den statlege digitaliseringspolitikken gjennomgått.<sup>2</sup> Brevet viser også til *Digitaliseringsrundskrivet*, som er ei samanstilling av pålegg og anbefalingar knytt til digitalisering av offentleg sektor. *Digitaliseringsrundskrivet* har blitt sendt ut kvart år sidan 2009, og blei for fyrste gong sendt til kommunane i 2016. Rundskrivet trekk fram ei rekkje krav som er heimla i lov, og som derfor også gjeld kommunane. Vidare oppmodar departementet kommunane til å gjere seg kjende med krava som blir stilt til dei statlege verksemdene og vurdere om nokon av desse anbefalingane er relevante for kommunen sitt digitaliseringsarbeid.

---

<sup>1</sup> ISACA er ein internasjonal foreining som fokuserer på styring og kontroll innanfor IKT-sektoren.

<sup>2</sup> Meld. St. 27 (2015-2016) *Digital agenda for Norge* gjev eit oversyn over regjeringa sin digitaliseringspolitikk.

## 2.5 Informasjonstryggleik

Informasjonstryggleik handlar om trygging av informasjon med omsyn til *konfidensialitet, integritet og tilgjengelegheit*.

Å sørge for konfidensialitet inneber å hindre ikkje-autorisert innsyn i informasjon som ikkje skal vere tilgjengeleg for alle; å sørge for integritet inneber å hindre ikkje-autorisert endring og sletting av informasjon; å sørge for tilgjengelegheit inneber å sikre tilgang til informasjon ved behov for tilgang.

### 2.5.1 Personopplysningslova og -forskrifta

Regelverket knytt til informasjonstryggleik omfattar mellom anna persopplysningslova og -forskrifta. Jf. personopplysningslova § 13 første ledd, skal den behandlingsansvarlege<sup>3</sup> og databehandlarar<sup>4</sup> «gjennom planlagt og systematiske tiltak sørge for tilfredsstillende informasjonssikkerhet med hensyn til konfidensialitet, integritet og tilgjengelighet ved behandling av personopplysninger.»

I kommunen er det rådmannen som er behandlingsansvarleg.<sup>5</sup> Databehandlarar er eventuelle tenesteleverandørar til kommunen som behandlar personopplysningar, som til dømes leverandør av lønn- og personalsystem. Ved bruk av databehandlar skal det jf. personopplysningslova § 15 og personopplysningsforskrifta § 2-15, skrivast avtale med behandlingsansvarleg.

Kapittel 2 i personopplysningsforskrifta stillar utfyllande krav og føresegn knytt til informasjonstryggleik i verksemdar som behandlar personopplysningar. Kapittelet pålegg mellom anna slike verksemdar å:

- fastsette tryggleiksstrategi for verksemda (§ 2-3)
- gjennomføre risikovurderingar etter fastsette kriterier (§ 2-4)
- etablere klare ansvars og –myndighetsforhold for bruk av informasjonssystem (§ 2-7)
- etablere fysiske og tekniske tiltak for informasjonstryggleik t (§§ 2-10 til 2-14)
- sørge for at dei tilsette har tilstrekkeleg kunnskap om informasjonstryggleik (§ 2-8)
- gjennomføre tryggleiksrevisjonar for å etterprøve at tiltak er sett i verk og fungerer (§ 2-5)
- behandle uønskte hendingar i informasjonssystemet som avvik (§ 2-6)
- foreta regelmessig gjennomgang på leiarnivå av tryggleiksmål og –strategi (§ 2-3)
- sikre at det ikkje blir overlevert personopplysningar elektronisk til andre verksemdar dersom disse ikkje tilfredsstiller krava i tryggleiksføringane (§ 2-15)

Personopplysningslova § 14 pålegg den behandlingsansvarlege å «etablere og holde vedlike planlagte og systematiske tiltak som er nødvendige for å oppfylle kravene i eller medhold av denne loven, herunder sikre personopplysningenes kvalitet», altså eit internkontrollsystem. Personopplysningsforskrifta kapittel 3 stiller utfyllande krav knytt til omfanget og rutinane i den påkravde internkontrollen.

### 2.5.2 Krav til styringssystem for informasjonstryggleik

Eit styringssystem for informasjonstryggleik er eit system som samlar prosedyrar, rutinar og dokumentasjon knytt til informasjonstryggleik. Kommunen er mellom anna gjennom eForvaltningsforskrifta § 15 forplikta til å ha ein internkontroll basert på anerkjende standardar for styringssystem for informasjonstryggleik:

Forvaltningsorgan som benytter elektronisk kommunikasjon skal ha beskrevet mål og strategi for informasjonssikkerhet i virksomheten (sikkerhetsmål og sikkerhetsstrategi). Disse skal danne grunnlaget for forvaltningsorganets internkontroll (styring og kontroll) på informasjonssikkerhetsområdet. Sikkerhetsstrategien og internkontrollen skal inkludere relevante krav som er fastsatt i annen lov, forskrift eller instruks.

Forvaltningsorganet skal ha en internkontroll (styring og kontroll) på informasjonssikkerhetsområdet som baserer seg på anerkjente standarder for styringssystem for informasjonssikkerhet. Internkontrollen bør

<sup>3</sup> Personopplysningslova § 2 fjerde ledd definerer behandlingsansvarleg som «den som bestemmer formålet med behandlingen av personopplysninger og hvilke hjelpemidler som skal brukes».

<sup>4</sup> Personopplysningslova § 2 femte ledd definerer databehandlar som «den som behandler personopplysninger på vegne av den behandlingsansvarlige».

<sup>5</sup> Jf. *En veiledning om internkontroll og informasjonssikkerhet* (Datatilsynet 2009, s. 11).

være en integrert del av virksomhetens helhetlige styringssystem. Det organet departementet peker ut skal gi anbefalinger på området.

Direktorat for forvaltning og IKT (Difi) er peika ut som ansvarleg for å gje tilrådingar knytt til kva styringssystem for informasjonstryggleik som bør nyttas. Difi tilrår at offentlege verksemder baserer seg på ISO/IEC 27001:2013, som er ein internasjonal standard for styringssystem for informasjonstryggleik.

### **2.5.3 Anna regelverk**

I tillegg til krava i personopplysningsforskrifta og eForvaltningsforskrifta er det også fleire andre reglar knytt til informasjonstryggleik som er relevant for kommunen. Krava i desse regelverka er i nokon grad overlappende med krava til eit styringssystem for informasjonstryggleik.

I helseregisterlova er det gitt konkrete føringar knytt til handsaminga av helseopplysningar, og her kjem det mellom anna fram konkrete krav knytt til informasjonstryggleik (§ 16). Det er utarbeidd ein norm for informasjonstryggleik i helse-, omsorgs- og sosialektoren (Norma), som stillar krav med utgangspunkt i både personopplysningsforskrifta og helseregisterlova. I Norma er det også innarbeidd ulike krav knytt til teieplikt og informasjonsrett etter særlovgiving for kommunehelsetenester, sosialtenester, psykisk helsevern, samt forvaltnings- og offentlegheitslov.

Kommunane er også omfatta av sikkerheitslova, og har som følgje av dette plikt til å ha forsvarleg informasjonstryggleik for informasjon som kan vere kritisk for å forhindre truslar som spionasje, sabotasje og terrorhandlingar. Desse krava kan vere relevante for kommunane for eksempel når det gjeld å beskytte vassforsyninga frå forureining av drikkevatt.

### **2.6 Kommunale styringsdokument og vedtak**

Eventuelle relevante kommunale styringsdokument og vedtak kan òg bli nytta som revisjonskriterium.

## 3. Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) og kvalitetssikring er underlagt krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

### 3.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar og kommunale vedtak vil bli gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare vil revisjonen gjennomgå Etne kommune og Vindafjord kommune sine styringssystem for informasjonstryggleik for å kartlegge rutinar og retningslinjer, og vurdere desse opp mot krav i lovverk og standardar. Revisjonen vil sjå både på styrande og gjennomførande/kontrollerande dokumentasjon.

### 3.2 Intervju

Får å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder vil Deloitte intervjuje utvalde personar i både Etne kommune og Vindafjord kommune som er involvert i IKT-arbeid og arbeidet med informasjonstryggleik. Vi tek sikte på å intervjuje til saman 4-6 personar.

### 3.3 Spørjeundersøking

Revisjonen vil gjennomføre ei elektronisk spørjeundersøking blant eit utval tilsette i Etne kommune og Vindafjord kommune. Føremålet med ei slik spørjeundersøking vil vere å kartleggje i kva grad dei tilsette har kjennskap til og følgjer etablerte rutinar knytt til informasjonstryggleik, undersøkje korleis dei tilsette i kommunane opplever kompetansen og kapasiteten til brukarstøtta, samt kartleggje dei tilsette sine erfaringar med tilgjenge til IKT-systema.

### 3.4 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei intervjuja for verifisering. Det er informasjon frå dei verifisert intervjureferata som vil bli nytta i rapporten. Faktadelen i rapporten vil bli sendt til kommunane for verifisering. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdel og forslag til tiltak, bli sendt til rådmennene for uttale. Rådmennene sine høyringsuttaler vil ble vedlagt dei endelege rapportane som blir sendt til kontrollutvala.

### 3.5 Rapportering

I utgangspunktet planlegger vi å utarbeide to rapportar, ein til kvar kommune. Delar av rapportane vil vere like (det som gjeld IKT tenesta), samtidig som det vil vere ein vesentleg del av kvar rapport som er knytt til informasjonstryggleiken i den enkelte kommune.

## 4. Tid og ressursbruk

### 4.1 Nøkkelpersonell

Stein Ove Songstad er ansvarleg partner på oppdraget. I tillegg vil teamet bestå av prosjektleiar Frode Løvlie, og prosjektmedarbeidarar Anders Blomhoff Pedersen og Marius Bergvik Aure. Deloitte har sett saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningslinjer, samt med naudsynt kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon.

### 4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta 386 timar å gjennomføre prosjektet. Timeestimatet inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timetalet omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i kommunestyra. Ein eventuell presentasjon av rapporten i kommunestyra vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar for kvart kommunestyre. Dette kjem i tillegg til det totale timetalet som er presentert over.


Sjå vedlegg for oversikt over timefordeling på ulike aktivitetar i prosjektet.

### 4.3 Gjennomføringsplan

Oppstart av prosjektet vil vere desember 2017, og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan utgangen av juni 2018. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det naudsynt at kommunane sender over etterspurd dokumentasjon innan dei fristar som blir set, at utvalde personar stillar til og verifiserer intervju, og at respondentane i spørjeundersøkinga svarar innan fristen.

Fakturering av kostnadene ved prosjektet vil skje i samsvar med avtalane mellom Vindafjord kommune og Etne kommune, og Deloitte.

Bergen, 10. november 2017



Stein Ove Songstad

Oppdragsansvarleg partner

| SAKSGANG        |          |            |
|-----------------|----------|------------|
| Utval           | Møtedato | Saksnummer |
| Kontrollutvalet | 22.11.17 | 20/17      |
|                 |          |            |

| Saksansvarleg:  | Arkivkode: | Arkivsak: |
|-----------------|------------|-----------|
| Odd Gunnar Høie | 216        |           |

**Kan bli handsama i lukka møte - Offl. § 24/KL § 31 nr 5**

## REVISJONSPLAN FOR REKNESKAPSÅRET 2017

### Bakgrunn

Ifølge kommuneloven § 77, 4. ledd skal kontrollutvalet ”*påse at kommunens ... regnskaper blir revidert på betryggende måte*”. Tilsynet blir gjennomført bl.a. ved at revisjonen rapporterer til kontrollutvalet på dei ulike trinna i revisjonsprosessen. Rapporteringa skal dekke både planlegging, gjennomføring og oppsummering av arbeidet.

I følge forskrift om revisjon § 4 og god kommunal revisjonsskikk skal revisor årleg utarbeide ein plan for revisjon av rekneskapen. Dette er eit internt dokument som styrer det arbeidet revisor må utføre for å kunne stadfeste rekneskapen.

Deloitte AS sin revisjonsplan for Vindafjord kommune vil bli presentert i møtet. Den viser korleis revisor planlegger årets og neste års revisjon for rekneskapsåret 2017.

Planen er eit internt arbeidsdokument.

Revisor vil gje ein munnleg orientering til utvalet om hovudinnhaldet i arbeidet. Opplysningane som kjem fram i møtet kan vere unntatt offentlegheit og møte kan difor bli lukka, jfr. medhald av Offentleglova § 24/ kommuneloven § 31 nr 5.

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vindafjord kontrollutval tar revisor sin presentasjon av revisjonsplan for rekneskapsåret 2017 til orientering.

Aksdal, 15.11.17



Odd Gunnar Høie

Seniorrådgjevar/utvalssekretær

| SAKSGANG        |          |            |
|-----------------|----------|------------|
| Utval           | Møtedato | Saksnummer |
| Kontrollutvalet | 22.11.17 | 21/17      |
|                 |          |            |

| Saksansvarleg:  | Arkivkode: | Arkivsak: |
|-----------------|------------|-----------|
| Odd Gunnar Høie | 033        |           |

## FRAMLEGG TIL MØTEPLAN FOR 2018

- Saksvedlegg:**
1. Oversiktskalender 2018
  2. Politisk møteplan for Vindafjord kommune 2018

### Bakgrunn:

Med utgangspunkt i tidligere møtefrekvens (4 møter pr. år) er det sett opp framlegg til møteplan for kontrollutvalet for 2018. Dersom det vert behov kan det også kallast inn til ekstramøter. Det er opp til utvalet å bestemma møtedag og tidspunkt. Framlegget er satt opp med utgangspunkt i tidligere praksis med fast møtedag på onsdagar, kl. 15.00.

### Saksorientering:

I fyrste møte på nyåret vil utvalet si årsmelding bli sett på sakslista. I neste møte vil kontrollutvalet gje si innstilling til årsrekneskapen. Om hausten vil mellom anna planar og budsjettframlegg bli handsama.

På møtet om våren handsamar alltid kontrollutvalet kommunen si årsmelding og rekneskap. I følgje forskriftene kan ikkje formannskapet gjera vedtak i denne saka før den er handsama i kontrollutvalet. Dato for dette møtet vil derfor alltid vera avhengig av når det er planlagt handsaming av årsmelding og rekneskap i formannskapet.

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Vindafjord vedtar følgjande møteplan for 2018:

Onsdagane kl. 15.00: 21.02, 25.04, 12.09, 14.11.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

Aksdal, 15.11.17

Odd Gunnar Høie  
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

- Vindafjord -

VEDLEGG SAK 2/17-1

## Oversiktskalender 2018

|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Januar 2018</b><br>Uke Ma Ti On To Fr Lø Sø<br>1 1 2 3 4 5 6 7<br>2 8 9 10 11 12 13 14<br>3 15 16 17 18 19 20 21<br>4 22 23 24 25 26 27 28<br>5 29 30 31<br>20 8 17 24 31                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            | <b>Februar 2018</b><br>Uke Ma Ti On To Fr Lø Sø<br>5 1 2 3 4<br>6 5 6 7 8 9 10 11<br>7 12 13 14 15 16 17 18<br>8 19 20 21 22 23 24 25<br>9 26 27 28<br>7 15 23                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        | <b>Mars 2018</b><br>Uke Ma Ti On To Fr Lø Sø<br>9 1 2 3 4<br>10 5 6 7 8 9 10 11<br>11 12 13 14 15 16 17 18<br>12 19 20 21 22 23 24 25<br>13 26 27 28 29 30 31<br>20 9 17 24 31                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
| <b>April 2018</b><br>Uke Ma Ti On To Fr Lø Sø<br>13 1<br>14 2 3 4 5 6 7 8<br>15 9 10 11 12 13 14 15<br>16 16 17 18 19 20 21 22<br>17 23 24 25 26 27 28 29<br>18 30<br>8 16 22 30                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        | <b>Mai 2018</b><br>Uke Ma Ti On To Fr Lø Sø<br>18 1 2 3 4 5 6<br>19 7 8 9 10 11 12 13<br>20 14 15 16 17 18 19 20<br>21 21 22 23 24 25 26 27<br>22 28 29 30 31<br>8 15 22 29                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           | <b>Juni 2018</b><br>Uke Ma Ti On To Fr Lø Sø<br>22 1 2 3<br>23 4 5 6 7 8 9 10<br>24 11 12 13 14 15 16 17<br>25 18 19 20 21 22 23 24<br>26 25 26 27 28 29 30<br>6 13 20 28                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
| <b>Juli 2018</b><br>Uke Ma Ti On To Fr Lø Sø<br>26 1<br>27 2 3 4 5 6 7 8<br>28 9 10 11 12 13 14 15<br>29 16 17 18 19 20 21 22<br>30 23 24 25 26 27 28 29<br>31 30 31<br>6 13 19 27                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      | <b>August 2018</b><br>Uke Ma Ti On To Fr Lø Sø<br>31 1 2 3 4 5<br>32 6 7 8 9 10 11 12<br>33 13 14 15 16 17 18 19<br>34 20 21 22 23 24 25 26<br>35 27 28 29 30 31<br>4 11 18 26                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        | <b>September 2018</b><br>Uke Ma Ti On To Fr Lø Sø<br>35 1 2<br>36 3 4 5 6 7 8 9<br>37 10 11 12 13 14 15 16<br>38 17 18 19 20 21 22 23<br>39 24 25 26 27 28 29 30<br>3 9 17 25                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |
| <b>Oktober 2018</b><br>Uke Ma Ti On To Fr Lø Sø<br>40 1 2 3 4 5 6 7<br>41 8 9 10 11 12 13 14<br>42 15 16 17 18 19 20 21<br>43 22 23 24 25 26 27 28<br>44 29 30 31<br>20 9 16 24 31                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      | <b>November 2018</b><br>Uke Ma Ti On To Fr Lø Sø<br>44 1 2 3 4<br>45 5 6 7 8 9 10 11<br>46 12 13 14 15 16 17 18<br>47 19 20 21 22 23 24 25<br>48 26 27 28 29 30<br>7 15 23 30                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         | <b>Desember 2018</b><br>Uke Ma Ti On To Fr Lø Sø<br>48 1 2<br>49 3 4 5 6 7 8 9<br>50 10 11 12 13 14 15 16<br>51 17 18 19 20 21 22 23<br>52 24 25 26 27 28 29 30<br>1 31<br>7 15 22 29                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
| <div> <div>1. jan</div> <div>Nyttårsdag</div> </div> <div> <div>21. jan</div> <div>Prinsesse Ingrid Alexandra, 14 år</div> </div> <div> <div>6. feb</div> <div>Samefolkets dag</div> </div> <div> <div>11. feb</div> <div>Morsdag</div> </div> <div> <div>11. feb</div> <div>Fastelavn</div> </div> <div> <div>14. feb</div> <div>St. Valentines dag</div> </div> <div> <div>21. feb</div> <div>Kong Harald, 81 år</div> </div> <div> <div>20. mar</div> <div>Vårjevndøgn</div> </div> <div> <div>21. mar</div> <div>Offisielt vårjevndøgn</div> </div> <div> <div>25. mar</div> <div>Sommertid start</div> </div> <div> <div>25. mar</div> <div>Palmesøndag</div> </div> <div> <div>29. mar</div> <div>Skjærtorsdag</div> </div> <div> <div>30. mar</div> <div>Langfredag</div> </div> | <div> <div>1. apr</div> <div>1. påskedag</div> </div> <div> <div>2. apr</div> <div>2. påskedag</div> </div> <div> <div>1. mai</div> <div>Off. høgtidsdag</div> </div> <div> <div>8. mai</div> <div>Frigjøringsdag 1945</div> </div> <div> <div>10. mai</div> <div>Kr. Himmelfartsdag</div> </div> <div> <div>17. mai</div> <div>Grunnlovsdag 1814</div> </div> <div> <div>20. mai</div> <div>1. pinsedag</div> </div> <div> <div>21. mai</div> <div>2. pinsedag</div> </div> <div> <div>7. jun</div> <div>Unionsoppløsning 1905</div> </div> <div> <div>21. jun</div> <div>Sommersolverv</div> </div> <div> <div>23. jun</div> <div>Jonsokaften</div> </div> <div> <div>4. jul</div> <div>Dronning Sonja, 81 år</div> </div> <div> <div>20. jul</div> <div>Kronprins Haakon, 45 år</div> </div> <div> <div>29. jul</div> <div>Olsokdagen</div> </div> | <div> <div>19. aug</div> <div>Kronprinsesse Mette-Marit, 45 år</div> </div> <div> <div>23. sep</div> <div>Høstjevndøgn</div> </div> <div> <div>28. okt</div> <div>Sommertid slutt</div> </div> <div> <div>31. okt</div> <div>Halloween</div> </div> <div> <div>4. nov</div> <div>Allehelgensdag</div> </div> <div> <div>11. nov</div> <div>Farsdag</div> </div> <div> <div>2. des</div> <div>1. søndag i advent</div> </div> <div> <div>13. des</div> <div>Luciadagen</div> </div> <div> <div>21. des</div> <div>Vintersolverv</div> </div> <div> <div>25. des</div> <div>1. juledag</div> </div> <div> <div>26. des</div> <div>2. juledag</div> </div> |

på sine «ordinære» møtedagar.

Det er i utkastet foreslått same tal møte som i 2017.

I utkastet er det tatt omsyn til vinterferien i skulane i veke 7 og haustferien i skulane i veke 41.

Handsaming av tertialrapportar pr. 30. april og 31. august er også, som tidlegare år, tatt omsyn til.

I samband med budsjettprosessen foreslår rådmannen at han den 31. oktober, same dag som møte i kommunestyret, legg fram ein samla presentasjon av sitt budsjettframlegg. Dette opplegget er likt som dei siste åra.

Rådmannen har drøfta møteplanen for 2018 med ordføraren og har på denne bakgrunn laga utkast til møteplan for 2018.

Rådmannen ser også at det, som både i 2016 og i 2017, kan vera behov for ein heil dags budsjettseminar og har foreslått dato for eit slikt seminar. Seminaret er tatt inn i utkastet.

Utkastet vart lagt fram for drøfting i formannskapet 17.10.17. Formannskapet hadde ikkje merknader til utkastet.

### Vurdering:

Rådmannen foreslår på bakgrunn av ovannemnde fylgjande møteplan for KS, FS, DUK og OPOM for 2018:

| Møte            | Møtetid  | Jan.       | Feb. | Mars       | April | Mai | Juni       | Aug. | Sept.              | Okt.                | Nov.          | Des. |
|-----------------|----------|------------|------|------------|-------|-----|------------|------|--------------------|---------------------|---------------|------|
| KS              | Kl. 1630 |            | 20.  |            | 10.   | 29. | 19.        |      | 18.                | onsdag 31.*         |               | 18.  |
| FS              | Kl. 1400 | onsdag 31. |      | onsdag 14. |       | 8.  | onsdag 6.  |      | 4.                 | 16.                 | 6. onsdag 28. |      |
| DUK             | Kl. 1400 | 29.        |      | 12.        |       | 7.  | 4.         |      | 3.                 | 15.                 | 26.           |      |
| OPOM            | Kl. 1300 | 29.        |      | 12.        |       | 7.  | 4.         |      | tysdag 4. kl. 0830 | tysdag 16. kl. 0830 | 26.           |      |
| Budsjettseminar | Heil dag |            |      |            |       |     | måndag 11. |      |                    |                     |               |      |

\*I tilknytning til møtet vert det felles presentasjon av rådmannen sitt budsjettframlegg.

Kommunestyret har i sak 092/16 og i sak 029/17 vedtatt politisk delegeringsreglement, der det i pkt. 11.10 heiter:

*Ordføraren vert gitt fullmakt til å endre møtetider og møtedagar for kommunestyre og formannskap og faste utval.*